

Lars S. Vikør: Framlegg til samlenormal – førti år etter

Tanken bak

Framlegg til samlenormal kom ut som hefte i 1966, med Jakob Skauge, Magne Aksnes og meg som forfattarar. Det var eit resultat av ein prosess som gikk tilbake til skipinga av LSS i 1959. Dette nye laget hadde eit problem eller eit handikapp i forhold til dei andre to språkstridsorganisasjonane, Riksmålsforbundet og Noregs Mållag, nemlig at den ikkje hadde eit konkret språk å kjempe for, berre ein idé om korleis språket skulle bli i framtida. Rett nok var det radikale former i begge målformene som laget støtta opp om, men dei utgjorde ikkje noe sammenhengande system. Derfor var det tidlig klart at laget måtte prøve å konkretisere ein eigen normal, som ei plattform å stå på, og som eit tilbud til dei som ønskte å overskride grensene mellom målformene allerede i det som da var nåtida.

Sjølve prosessen med å forme ut normalen er beskriven i heftet (kap. II.1), med namna på dei som deltok. Som det går fram der, vart det oppnemnt ei nemnd på 13 medlemmer – mest skolefolk, og berre menn! – i 1960 med det oppdraget å utarbeide eit utkast. Utkastet vart sendt rundt i lokallaga, kommentarar vart samla opp, og utkastet vart revidert av ei mindre gruppe personar og trykt i bladet til laget i 1965. Deretter skjedde utarbeidinga av sjølve heftet, som altså kom ut hausten 1966. Magne Aksnes var drivkrafta og sjela i arbeidet, mens Skauge og eg assisterte – Skauge ved å skrive dei politiske delane av innleiing og avslutning, og eg ved å være kritisk gjennomlesar og skrive formverksoversynet. Dette står ikkje i heftet, så det kan nemnas her.

LSS var ein sterkt legalistisk og parlamentarisk organisasjon – den ønskte å halde seg innafor gjeldande lover og reglar og la vekt på at Stortingets autoritet ikkje skulle angripas. Ein ville ha samarbeid og ikkje kamp. Dette går tydelig fram av argumentasjonen i heftet, og det stod i kontrast til Riksmålsforbundets militante motstand mot den offisielle politikken, som hadde klare anti-parlamentariske tendensar. LSS-folka hørte for det meste til i det politiske sentrum og på den moderate venstresida, dvs. i hovudsak i Arbeidarpartiet, Venstre og Senterpartiet, og den sosialdemokratiske tankegangen stod sterkt. Om det å legge fram eit eige normalforslag vart følt som nødvendig, var det også problematisk: Det var om å gjøre å ikkje bli slått i hartkorn med Riksmålsforbundet, som nettopp hadde laga ein privat normal som samlingsmerke i striden. LSS agiterte derfor ikkje for å gi samlenormalen offisiell status, men ønskte å stimulere til at Norsk språknemnd skulle få i oppdrag å utforme ein *offisiell* samlenormal, som kunne godkjennas av Stortinget. Denne framtidige offisielle normalen meinte laget burde introduseras som eit frivillig alternativ i skolen, gjerne på forsøksbasis. Dette er det òg gjort greie for i innleiingsdelen av heftet (kap. II.1). At vi som stod bak, håpa på ei historisk rolle som dei som peika ut vegen som statsmaktene og «utviklinga» etter kvart ville slå inn på, er ei anna sak.

Mottakinga

Det første normalutkastet kom i 1963, og vart spreidd i ei stensilert utgave. Eg fikk det som medlem av Språklig Samlings elevlag på det daværande landsgymnaset på Vinstra. Eg ytra ein god del kritikk mot det – internt i laget – fordi det tok for lite omsyn til nynorsk og var for Oslofjords-orientert i formvalet. I 1965 flytta eg til Oslo og kom inn i LSS-miljøet, og eg vart med i dei vidare diskusjonane og revisjonane det følgjande året. Resultatet vart mindre einssidig enn eg meinte førsteutkastet hadde vore.

I heftet (kap. II.1) står det ei kort beskriving av den umiddelbare mottakinga av samlenormalen etter den foreløpige offentliggjøringa i 1965. Og det er egentlig ikkje så mye meir å si. Heftet vart ikkje meldt i særleg grad; i utklippsboka mi har eg berre ei melding av Olav Dalgard i Arbeiderbladet. Og han var ein av våre egne. Det virker som samlenormalen var utdebattert før heftet var ferdigtrykt. LSS hadde krefter til å gjøre det filologiske grunnarbeidet med å forme ut ein sånn normal, men ikkje til å bære den fram organisatorisk og politisk. Tendensen i språkstriden gikk snart i ei heilt anna retning, der LSS stort sett fikk si fulle hyre med å forsvare ein språkpolitikk som alt var under – om enn omstendelig – avvikling. Dei nye språkpolitiske strømningsane som oppstod etter kvart, var prega av ein reaksjon mot både den tradisjonelle riksmåls- og høgnorskpolitikken og mot den sosialdemokratiske ideologien bak samnorskpolitikken, og det førte til at jamvel vi i LSS sjøl la samlenormalen til side til fordel for ein maktkritisk folkemålspolitikk. Det skjedde da «sekstiåttarane», som eg i denne sammenhengen hadde vore ein av dei tidligaste representantane for, overtok midt på syttitallet.

Linjene fram til i dag

Var samlenormalen (et forsøk på) en språkrevolusjon?

Det kommer an på hva leseren synes om språket i denne artikkelen. Hittil har jeg skrevet nynorsk, men fra nå og ut artikkelen skriver jeg bokmål. Men jeg skriver heile tida etter samlenormalen! Og da velger jeg de mest tradisjonelle formene fra hver målform som vi slapp inn i normalen. Så kan leseren bedømme hvor «radikalt» det er.

Om jeg får lov å gjette, så trur jeg ikke leseren vil se på dette språket som særleg oppsiktsvekkende nytt eller merkelig. Nynorsken ovafor er bare *litt* mer «utvanna» enn den vi vanligvis leser som «mainstream-nynorsk» i dag. Og i bokmålet jeg skriver nå, vil jeg tru at i alle fall LSS-folk ikke ser store forskjellen fra det de sjøl prøver å skrive innafor dagens offisielle normal.

Samlenormalen bestod egentlig bare av ei avskalling av en del markert konservative former i begge målformene, og så reiv vi ned grenselinja mellom målformene slik at brukerne skulle kunne kombinere former fritt innafor denne ytre ramma. I noen tilfelle gikk vi lenger og «påbaud» former som ikke var tillatt innafor (en av) de offisielle normalene etter 1959 – for det meste bokmålsformer i nynorsk, men ikke bare. Ikke minst gjaldt det supinum av sterke verb, som var det vanskeligste punktet vi hadde å stri med, og der det også var klare uenigheter oss imellom. Det blei et kompromiss der «vikske» og «nynorske» former blei likestilt (*krope* – *kropi* – *krypi*), men t-en som fremdeles er eneform i bokmål, insisterte vi på å ta vekk – på linje med et-endinga i a-verb. Former som *krøyp* (tatt inn på linje med *kraup*, men på bekostning av *krøp*) og *krypi*, var nok de mest avstikkende, og klart mer «anstøtelige» for mange da enn jeg trur de ville være nå. Men ellers bestod normalen nesten bare av skrivemåter som var etablerte i norsk skriftspråk fra før.

På syttitallet blei samlenormalen kritisert av mange for å være teknokratisk – fordi den var satt opp av fagfolk uten at det var tatt spesielt hensyn til talemålsvariasjon. Jeg delte sjøl denne kritikken og tok altså «sjølkritikk» på den tida. I dag er jeg mindre sikker på at «teknokratisk» er det riktige ordet. Jeg trur i alle fall ikke at vi var mer teknokratiske enn språknormerere må være pr definisjon – all normering må nødvendigvis ha ei «teknisk» side. Men det er viktig å være bevisst på at språket faktisk er i bruk og internalisert av mange mennesker, og at det skal være til for brukerne. En kan ikke bare bestemme hva en vil, ut fra

ideologi og (språkhistoriske) fagkunnskaper, uten å ta hensyn til dette. Det gjelder særlig når en har makt til å bestemme over folk, men det gjelder også når en, som vi, ønsker å få frivillig oppslutning om et prosjekt. Dette er et punkt samnorsktradisjonen (ikke bare LSS) har hatt problem med.

Jeg mener at vi i 1960-åra tok mye hensyn til folks skrivevaner, og vi la vekt på å vise at vegen fram til et samnorsk ikke behøvde bety at en skapte et nytt språk ut av det blå. Vi bygde på de tradisjonene som allerede fans. Resultatet var en normal med mye valgfrihet (om enn mindre enn i de offisielle normalene; valgfriheten blei sett på som et nødvendig onde), og med rom for et markert bokmål og et markert nynorsk, men slik at fellesområdet mellom dem blei utvida og ytterkantene sanert. Vi imiterte til og med ordninga med hovedformer og såkalte klammeformer. (Men når en blar igjennom normalen, finner en ingen klammefomer, bortsett fra formene [ham] og [de] som objektsform i avsnittet om pronomen. Grunnen er nok at klammene først og fremst skulle løyse indre uenigheter i den store nemnda som la fram førsteutkastet, og at vi i revisjonen klarte å kvitte oss med de fleste av dem. Vi burde nok ha droppa systemet heilt, siden det ikke hadde noen funksjon i et privat normalforslag som baserte seg på frivillig tilslutning.)

De ideologiske konjunktorene har uansett ikke støtta samnorskpolitikken de siste tiåra. Nynorsken har, trass i nedgang i skolemålsprosenten, styrka seg, ikke minst som regionspråk, ved å bli tatt i bruk på flere samfunnsområder enn før, og den blir stadig mer «nøytralisert». I alle fall har den blitt det hittil. I bokmålet har vi hatt ei noe schizofren utvikling, markert ved framgang for den moderat-konservative varianten i offentlig bruk og i skrift allment, samtidig som avformaliseringa av språkbruken har sikra mange talemålsnære former en tryggere posisjon som «nøytralt» og «umarkert» språk. Staten har offisielt gitt opp tilnærmingspolitikken til fordel for en stabil tospråkspolitikk, men i språkbruken må vi regne med fortsatt ustyrt tilnærming.

Ideen om å styrke de folkelige formene i bokmålet i nøytral stil, lever et noe anonymt liv, men den lever. LSS gjorde et forsøk på å fronte en slik politikk i 1986, da vi gav ut ei rettleiing i «Å skrive radikalt bokmål», som heftet hette. Det holdt seg innafør den offisielle normalen, og kan forsåvidt stadig være et alternativ for dem som ønsker å skrive radikalt, men synes «samlenormal» høres for drastisk ut. Men nå venter vi jo alle på ei ny rettskriving, og vi veit ikke hvordan den vil bli.

Dersom staten nå vil normere de to målformene bort fra hverandre i så stor grad at det åpner seg et tomrom i midten, samtidig som talemålet konvergerer gradvis nettopp innafør dette midtområdet, så kan det kanskje skje at samnorskbevegelsen vakner til liv på et nytt grunnlag. Da kan det være nyttig at samlenormalen er tilgjengelig som en illustrasjon på hvordan en kan skrive norsk i dette språklige midtsjiktet – uten at det blir full sammensmelting av det, for variasjon i norsk tale og skrift vil vi fortsette å ha lenge ennå. Jeg trur normalen i hovedsak kan fungere godt fremdeles, nettopp fordi vi da var så forsiktige med å føre inn heilt nye former. Men det er sikkert ting der som ikke vil passe for unge språkbrukere i dag, og som vil trenge revisjon om normalen skulle komme i bruk. Det må likevel de unge språkbrukerne som måtte ha interesse av dette, sjøl